

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 18

Fylke: Sør-Trøndelag

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Støren.

Emne: Juletre og julehalm.

Bygdelag: Haukdalsgrenda

Oppskr. av: Jens Haukdal

Gard: Haukdal, Sørstua

(adresse): Snøan st.

G.nr. 59 Br.nr. 3

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):
etter samtale med fleire.

SVAR

1)

Juletreet er ålment bruka her i grendom. I kvart einaste hus har dei juletre. Det er så å segja det sentrale i julehelga - det som skaper høgtidskjensla.

2)

Skikken med juletre vart ålmen frå kring 1875-åra. Før den tida var det ikkje i bruk her ikring. Det var i allefall så få som kjende til skikken at det vart sett på som noko rart om nokon tok eit tre inn i stuggu og gav seg til å jalla på det glitter og stas. Og bygdaslarvet ville ein ikkje koma ut for.

3)

Dei første juletreea vart bruka på julefestar for skulebonna. Og med kvart vann skikken seg inn i heimane slik at juletreet vart det sentrale.

4)

Sjøl om ein hadde juletre vart det pynta på ymse vis i stuggu. Halmkronor, grønne barkvistar og papirpynt vart sett ihop på ymse vis....alt etter smak- og formsans til pyntaren.

Pynten vart hengt over bilete, på lampone og over dørene. Der dei hadde åpen eldstad vart "kastet" pynta. Masingesakene som hadde romet sitt oppå der vart pussa skinnande blanke. (Kastet, er nemninga for den framstående kanten kring røykfanget over peiselden.)

5)

Stuggu vart og blir pynta på dette viset sjøl om ein har juletre.

6)

Storleiken på juletreet er det ymse med. Der dei har treet ståande på golvet kan det vera frå ein og ein halv til 2 meter høgt. Der det står på ein krakk eller eit bord er høgda frå 40 cm. til 1 m.

7)

Treet er pynta med glasskulor. Glitrande stjerner og papir i ymse fargar. I toppen er det vanlegvis eit spir. Det er ljøs i ymse fargar.

- 2
- 8) Treet blir pynta av vaksne og bonn ilag. Dersom bonna er så store da at dei ikkje skader "jultrestasen".
- 9) Treet kan stå både på golvet og på eit bord eller ein krakk alt etter som tradisjonen er i huset.
- 10) Ein kveikjer ljosa om julekvelden etter at julekveldsmaten er eten. Seinare blir det kveikt fleire kveldar alt etter som hugen til å gå kring treet kjem.
- 11) Mange stader går ein rundt treet og syng julesalmar og julesongar. Men det er også somme stader at dei har treet ståande berre til å pynta opp - til å skapa julestemning. Dei salmane som ein syng er dei vanlege juleversa:
Jeg er så glad hver julekveld, Her kommer dine arme små,
Et barn er født i Betlehem og Glade jul....
Elles blir det bruka av dei meir kvikke songane: O jul med din glede, Reven rask over isen, og fleire.
- 12) Juletreet står ofte til tjugande dag jul.
- 13) Det er ingen fast dag for høstinga av juletreet. Men det blir "kasta ut" når det tar til å ry barnåler av det.... når det er tørka for mykje av stugguvarmen. Ein segjer: "kast ut juletreet"
- 14) Her brukar ein berre gran til juletre.
- 15) Her er nøgda gran så ein treng ikkje erstatning.
- 16) Å setja opp eit tre utanfor huset til å ha kornbandet åt fuglane i er ikkje vanleg. Bandet blir festa til ein fast staur i låveveggen. Somme brukar å setja bandet på ein av strangane i den oppreiste vinterveden ved vedskjulet.
- 17) Skikken med å ha halm på golvet julenatta er kjend, men er for lenge sidan gått av bruk.
- 18) Det var av den vanlege halmen som vart bruka. Noko sers var ikkje gjort med han.
- 19) Halmen vart breidd utover golvet i eit tjukkt lag i så stor breidd at alle i huset skulle ha rom til å sova der.
- 20) Det var skikken at alle skulle sova i halmen julenatta. Om denne skikken og tradisjonen kring han er det fleire meiningar.
Somme segjer at dei har høyrd gjete at det skulle vera for å liggja like eins som Jesus. Han vart lagt i krybba med halm under seg. Liggjinga i halmen skulle symbolisera og minna om kor ringt frelsaren vart motteken. Halmen er

fatigmans seng. Folk med sterk religiøs tankegang ville segja det slik. Dei som såg meir materialistisk på det har halde på at husbondfolka ville visa for tenarane at dei ikkje var større på det enn dei kunne dela halmlegja med dei.

Sterkt overtruiske folk meinte at det var for å tekkast tussane at dei la seg i halmen på golvet julenatta. Tussane skulle denne eine natta i året få lov til å bruka sengene i huset. Desse var også for høvet sers vel tilreidde.

Atter andre meinte at det var dei avlidne av huslyden - forfedrane som kom og ville sjå om alt var i vel skikk frå ~~frå~~ deira tid. Difor vart også ofte gangklæda til gamle gøymd og verna om. I fula vart knivrustninga og kvar-dagsbuksa til ein gammal bestefar eller oldefar hengt på det gamle romet sitt slik at han kunne finna ~~dei~~ når han kom heimatt på julevitjing. Og inga dør på garden måtte læsast denne natta.

Det knytte seg elles mange truer til julehalmen. Millom anna skulle ein få varsel om feigda. Kvar person i huset hadde sin faste plass ved bordet. Morgonen juledag måtte dei sjå under bordet. Låg det da eit konn under romet at nokon av huslyden skulle han eller ho døy i det komande ~~år~~ året.

I samband med denne trua kan nemnast at før dei la seg i halmen skulle karane leggja ei skjorte utbreidd på låve-golvet. Kvinnone la ein serk der. Armane skulle liggja rett ut. Juledagsmorgonen skulle dei sjå etter korleis armane låg. Vår dei da bretta inn i kors over brystet var det eit sikkert varsel om feigda.

På årehylla la dei ein stor neve salt. Denne saltklipen varsla også ymse ting. Viste det seg avtrykk i saltet som ei dyreklaue eller dyrehov ville året gje mykje skade på buskapen. Var det merke etter ein mannafoot ville det bli sjukdom og død i huset det komande året.

Dette saltet vart samla ihop juledagsmorgon etter at teikna i det var tydd. Det vart seinare nytta til dyr som vart sjuke. Julesaltet gjorde godt for alt.

Julehalmen vart også samla ihop. Ei gammal kone hadde høyrd gjete at denne halmen også skulle vera god for sjukdom på dyr. Ho kunne ikkje segja så sikkert kva det var, men ho trudde å kunne hugsa at dyra skulle bli snille til å gå heimatt når dei fekk ein smak av julehalmen.

Jens Haukdal.

4025
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
adr. NORSK FOLKEMUSEUM
BYGDØY